

EIDFJORD KOMMUNE  
Simadalsvegen 1  
5783 EIDFJORD

Dato: 05.12.2017  
Vår ref.: 2014/16981-39  
Saksbehandlar: snowaag  
Dykkar ref.:

## Fråsegn til avgrensa høyring på endring av kommunedelplan for Sysendalen

Vi viser til brev datert 20.10.2017 om avgrensa høyring av forslag til kommunedelplan for Sysendalen. Hovudføremålet i planen er å leggje til rette for utvikling av alpindestinasjon i Sysendalen. Denne avgrensa høyringa er i hovudsak retta mot innspel frå tidlegare høyring, og då i hovudsak retta mot innspel om transport og samferdsleløyisingar frå SVV og Fylkesmannen.

Hordaland fylkeskommune vurderer kommunedelplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til vårt fråsegn til kommunedelplanen i brev 24.05.2016.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

### Vurdering

Eidfjord kommune uttrykker i høyringsbrevet at endringa i denne avgrensa høyringsrunden i hovudsak er knytt til gang- og sykkelvegløyisingar der kommunen har gjort endringar med bakgrunn i motsegn og påfølgande meklingsmøte mellom Statens vegvesen, Fylkesmannen og Eidfjord kommune. Dette ansvarsområdet vert handtert av andre instansar, og fylkeskommunens politiske vedtak, samt faglege råd og vurderingar i fråsegn av 24.05.2016 står ved lag.

Det i tillegg teke inn nye vurderingar i revidert planforslag når det gjeld omsyn til naturmangfald og naturmangfaldslova, og då særskildt førehaldet til villrein. Villreinens største trussel er fragmentering av leveområde, og bit for bit nedbygging utgjer ein fare for den heilskaplege villreinforvaltninga. Det er bra at ein i det reviderte planforslaget i større grad gjer vurderingar knytt til mogleg påverknad av villreinstammen på Hardangervidda, men vi er ikkje fagleg einig i konklusjonane planforslaget fell ned på.

Planforslaget legg til rette for massiv utbygging i planområdet, med både fritidsbustader i form av hytter og leilegheiter, alpinsenter og hotell. Med eit skiheissystem som reduserer høgdebarrierane mellom «fjellandsbyen» og det nasjonale villreinområdet, er det å forvente at *influensområdet* av det føreslåtte tiltaket kan strekke seg langt ut over planområdet. Nye ferdsleformar for friluftaktivitet, som til dømes kiting, gjer at rekkevidda vert betydeleg lengre enn for tradisjonelle skigåarar. Som vi har uttalt i tidlegare uttaler til planar for utvikling i Sysendalen (Fråsegn til detaljregulering for Eidfjord resort, 27.04.2017), meiner vi den potensielle påverknaden av villreinen som resultat av planforslaget er uheldig.

Fylkeskommunes Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) har i handsaminga av Kommunedelplan for Sysendalen, i møte 10. mai 2016, likevel vurdert å tilrå eit overordna planforslag som legg til rette for utvikling av Sysendalen, med bakgrunn i at «(...) det har svært stor betydning for utviklinga i Sysendalen og Eidfjord».

## **Konklusjon**

Hordaland fylkeskommune har ingen nye vesentlege merknader til planforslaget. Vi viser til tidlegare fråsegn til kommunedelplanen, og til fråsegn knytt til detaljreguleringsplan for Eidfjord resort.

Marit Rødseth  
Plansjef

Snorre Waage  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Snorre Waage, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA